



Byggmester Knut Henanger AS
Mjåtveitstø 33A
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/751 - 20/4212

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
24.01.2020

Godkjenning - igangsettingsløyve og endringsløyve for einebustad - gbnr 323/443 Frekhaug

Administrativt vedtak. Saknr: 062/20

Tiltakshavar: Arve Reigstad
Ansvarleg søkjar: Byggmester Knut Henanger AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting og endring av tiltak med ansvarsrett

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 b), jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av heile tiltaket og endringsløyve for plassering - ved oppføring av einebustad på gbnr 323/443 på følgjande vilkår:

- 1. Rammeløyve av 30.08.19 i sak 19/1459 DS 195/2019 med vilkår gjeld for tiltaket.**
- 2. Endring av plassering godkjent slik det er omsøkt i samsvar med situasjonsplan datert 23.01.20.**

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

- 1. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentlig VA anlegg.**
- 2. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.**

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting for heile tiltaket og endring av plassering av einebustad.

Det er søkt om tilkopling av nybygg til kommunalt VA-anlegg. Denne søknaden skal handsamast av VA-avdelinga i eget vedtak.

Kommunen har i vedtak av 30.08.19 i sak 19/1459 gjeve rammeløyve.

Det er søkt om endra plassering i samsvar med situasjonsplan datert 23.01.20. Avstand mellom bustad på gbnr 323/441 og ny bustad på gbnr 323/618 vert på 2,91 m i stedenfor tidlegare godkjent 3,0 m. Det ligg samtykke frå eigar av gbnr 323/443 på nærare avstand for plassering av framtidig bustad på gbnr 323/618, datert 15.12.19. Bustad skal plasserast på avstand 1,5 m frå nabogrensa på gbnr 323/443.

Avstand frå hushjørnet i nord-vest (pkt H3 i kart av 17.12.19) vert 5,33 m i stedenfor tidlegare godkjent 6,8 m.

I tillegg vart det registrert feil bruksareal på bustad i rammeløyve. Rett bruksareal er 199,8 m² og rett bebygd areal på ny bustad er 221,1 m²

Det vert elles vist til søknad motteken 18.12.19 og supplert 23.01.20.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 23.01.20 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Det er informert om endringa av ansvarleg søkjar frå Knut Willie Jacobsen til Byggmester Knut Henanger AS. Ansvarsrettar er erklært i samsvar med gjennomføringsplanen motteke 18.12.19.

Aktuelt regelverk

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høre til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/751

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar Plan og byggesak

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

kart
Teikningar

Kopi til:

Arve Reigstad

Mjåtveitvegen 5918
34

FREKHAUG

Mottakarar:

Byggmester Knut Henanger AS Mjåtveitstø 33A 5918

FREKHAUG